

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 16.11.2021**

**Arve Helle (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styreleiar i Lutelandet Utvikling AS og styremedlem i E 134 Haukelivegen AS. Utvalet vedtok samrøystes at Helle var habil til å delta i saksbehandlinga.

**Trym Aafløy (UA)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Skyttel AS. Utvalet vedtok samrøystes at Aafløy var ugild til å ta del i saksbehandlinga kva gjeld avvikling av Skyttel AS, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e) nr. 2. Aafløy deltok ikkje i saksbehandling kva gjeld avvikling av selskapet Skyttel AS.

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, MDG, Sp og SV fram slikt forslag:

«Saka vert teken til orientering.»

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Saka vert teken til orientering.